

Eva og mannsgruppene imponerte.

20.08.2018



Nok ei stor konsertoppleveling med Eva Megyesi.

**Eg har mang ein gong skrive og vore imponert over musikkvirtuosen og aktivumet Eva Megyesi. Etter kveldens konsert i Uskedal kyrkje er eg nøydd å gjenta det. For nokre musikkopplevingar denne dyktige kantoren gjev oss!! Når konserten i tillegg vart krydra med god song av to mannskvartettar, kan det berre karakteriserast som ei topp mandagskveldsoppleving.**



Rustne Menn kom særdeles godt frå debuten i kyrkjeleg samanheng.

I første avdeling framførte Eva Megyesi flotte verk av dei to velkjende komponistane G. F. Händel og J. S. Bach. Nydeleg var det!! Men for underteikna vart musikkopplevinga likevel endå større utover i konserten. I andre avdelinga si framførte ho fransk musikk av dei to komponistane Eugène Gigout og Louis J. A. Lefèbure-Wély. Vanskeleg musikk å framføra, i følge organisten sjølv, men fantastisk var det. At ho ikkje fekk krampe både i armar, fingrar og bein, er ikkje til å skjøna. Eg trur alt gjekk som trommestikker, og resultatet vart ei fantastisk oppleving for publikum.

Til avslutning fekk vi nok ei flott framføring av fransk musikk. Då stod Toccata av Leon Boellmann på notepllassen.

Innimellan Eva Megyesi sine avdelingar fekk vi først høyre kvartetten Bakmennene som har sitt utspring frå mannstemmene i kyrkjkoret Nordsaang. Reidar Myklebust, Svein Rimestad(begge bass), Kristian Bringedal og Einar Gjertsen(begge tenor) opna med Jakob Sande sin Åndeleg sjømannssong før dei song to salmar som begge var arrangert av Eva Megyesi. Dei kom flott frå det, og med denne mannsgruppa har vi fått eit nytt godt tilskot innan musikk i bygda.

Medan Bakmennene hadde sin andre opptreden i kyrkja, debuterte Rustne Menn i kyrkjeleg samanheng. Gruppa som i kveld var samansett av Tore Nordahl Pedersen(el.bass), Reidar Myklebust(gitar), Kristian Bringedal(trekkspel) og Svein Rimestad(gitar) framførte først Erik Bye sin kjende klassikar Anna Lovinda, før dei gjekk over til ein annan nydeleg song, irske Fields of Athenry. Den siste fekk vi både i engelsk og nynorsk versjon med Reidar som songsolist på det første før Svein overtok solistoppgåva på den nynorske omsetjinga som han sjølv hadde gjort. Reidar Myklebust introduserte begge låtane på ein flott måte. Rustne Menn er blitt ei populær gruppe som gleder publikum i mange samanhengar; - også i andre bygder. Eg har hørt dei ein del gonger, men eg tør påstå at eg har aldri hørt dei sunge betre enn i kveld. Dei bestod altså den kyrkjelege debuten med glans!! Eit stort pluss er det også at dei det siste året har fått med seg Tore Nordahl Pedersen på bass.



Eva Megyesi har fått god sving på Bakmennene

Som vanleg var det god og uhørtideleg stemning i kyrkja når Eva Megyesi arrangerer konsert. Eva sjølv og Kristian Bringedal som delte på konferansieroppgåva, skal ha sin del av æra for det. Uskedelingane var naturlegvis i solid fleirtal blant publikum, men det er kjekt å registrera at dei også kjem frå andre bygder. Nokre må til og med kjøra i tunnel, og er likevel for gjengangarar å rekna. Kjekt!! Flott er det også at representantar for våre nye landsmenn i bygda møter opp fordi dei set slik pris på desse konsertane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland